

Spørsmål frå Signe Askeland

Me 10 nærmeste naboane til granskogen nordvest for Sæbø skule sendte i fjor haust mail til kommunen og ba om at skogen vart fjerna, tynna eller toppkutta. Når tid kan me få svar på spørsmåla våre? Dersom kommunen ikkje har kapasitet til å gjera jobben, er me villige til å gjera jobben sjølv – i samråd med kommunen. Sitkagranane har no vorte så høge og store at dei er til stor ulempe for dei nærmaste huseigarane. Dei skuggar for sola og gjer at dei er utan sol tre månader i året. Naboane er også redde for at dei nærmaste trea vil falla over hus og/eller garasje i ein storm.

Bilvegen, oppkjørselen og gangvegen framom husa er islagt og glatt mest heile vinteren fordi sola ikkje når ned og tinar isen. Det er fleire som er engstelege for å gå ut når det er mørkt og glatt og når det blæs kraftig.

Me ber kommunen om:

1. Saga ned trea som er ein fare for hus i Nordre Austmarka 21 og 25
2. Toppa dei andre høga trea
3. Eventuelt andre tiltak som kommunen kan ha

Desse tiltaka ser me på som fordel for både oss, skuleborna og skulen (trean kan og ramla på skuletaket).

Svar:

Det er både fordeler og ulemper ved å fjerne denne skogen. I tillegg til at det vil vere fordelaktig for naboar med omsyn til sol og tryggleik, slik det er gjengitt i spørsmålteksten, vil det også gjere vedlikehald av skulebygget enklare. På den annen side er skogen eit leikeområde for barna ved skulen, og det vert opplyst at skogen også fungerer som ei buffer mellom skulen og bustadfeltet. Fjerning av skog må utførast av profesjonelle.

Teknisk drift og skulen vil sjå på ei mogleg løysing, og leggje til rette for medverknad frå berørte naboar, i denne prosessen. Tiltaket ligg ikkje inne i budsjetttramma for 2017, men rådmannen rår til at det evt. vert nytta statlege tiltaksmidlar til å finansiere dette.